

I slutten av neste veke vil debutboka til uskedaling og radiojournalist Mona Vetrhus (37) vera til sals i bokhandlane. Den kjem frå trykkeriet i morgon og handlar om venskap, gryande forelsking og ung død. Noko er sjølvopplevd medan andre ting er rein dikting og mykje dreier seg rundt Uskedalen, seier Mona til uskedalen.no

Boka kjem på Forlaget Oktober og Mona har sendt oss ein forsmak som fortel mykje om svært sterke band til heimlassen på Haugland:

eg tel husa eg har budd i

innanfor veggene har eg drøymt om garden

den umåla grinda

elva som fløymer ein gong i halvåret

eg har budd i fem byar

i alle byane har elvene runne

og eg har drøymt om fjellet

små, vindvridde bjørker

utsikt til haugen der vikingane søv

dotter til bror min kjem stabbande

ho ler og ler

har ikkje ord for kvifor

latteren piplar fram mellom dei små fingrane

fyller heile garden

Av Ola Matti Mathisen